

# Detaljreguleringsplan for fv. 5724 Briksdal bru

## Planinitiativ

28.4.2026

# Innhold

<b>1. Planområdet – dagens situasjon</b> .....	<b>5</b>
1.1. Forslag til plangrense.....	5
1.2. Kort skildring av planområdet.....	2
1.3. Veg og trafikkfaglege forhold.....	3
1.4. Eksisterande kartleggingar.....	4
Moglegheitsstudie.....	4
Skredfarevurderingar.....	4
Grunnundersøkingar.....	6
Flom- og vannlinjeberegningar for Dalelva.....	8
1.5 Andre tiltak.....	9
<b>2. Overordna planar og retningslinjer</b> .....	<b>10</b>
2.1 Kommuneplanens arealdel.....	10
2.2 Kommunedelplan for Oldedalen GISLINE.....	11
2.3 Reguleringsplanar i planområdet.....	12
2.4 Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag.....	14
2.5 Regional plan for vassforvaltning.....	14
2.6 Regional plan for klima.....	14
<b>3. Planinitiativet</b> .....	<b>15</b>
3.1 Mål og formål.....	15
3.1.1 Planlagt tiltak.....	16
3.1.2 Eksisterande situasjon.....	16
3.2 Klimagassvurdering.....	16
<b>4. Verknadar av tiltaket</b> .....	<b>16</b>
4.1 Landskap, nær- og fjernverknad.....	16
4.2 Auka trafikk og støy.....	17

4.3	Blågrøne strukturar og naturmangfald.....	17
	Forhold til verna vassdrag .....	17
4.4	Friluftsliv .....	19
4.5	Kulturverdiar.....	19
4.6	Naturresursar/geologi/geoteknikk.....	20
4.7	Barn og unges interesser .....	20
4.8	Forhold for gåande, syklande og kollektivreisande.....	20
4.9	Trafikktryggleik .....	20
4.10	Samfunnstryggleik og risiko .....	20
4.11	Anleggsgjennomføring.....	21
<b>5.</b>	<b>Konsekvensutgreiing .....</b>	<b>21</b>
<b>6.</b>	<b>Medverknad .....</b>	<b>24</b>
7.	Framdrift.....	24
<b>8.</b>	<b>Vedlegg.....</b>	<b>24</b>

# Generelt om planinitiativet

Dette dokumentet skal saman med aktuelle vedlegg utgjera nødvendig grunnlag for å halde oppstartsmøte for nye samferdsleplanar. For meir informasjon sjå til regjeringen sin rettleiar om reguleringsplanar.

Innsendt dokument er å sjå på som førespurnad om oppstartsmøte.

Kommunen kan krevje anna nødvendig informasjon før varsel om oppstart. Dette vert avklart i oppstartsmøtet.

<b>Forslag til plannamn</b>	<b>Detaljreguleringsplan for fv. 5724 Briksdal bru</b>
<b>Gnr. og bnr.</b>	101/6, 101/1, 99/7, 99/6, 99/4, 99/1
<b>Vegnamn</b>	Fv. 5724 Oldedalsvegen
<b>Kontaktperson planinitiativ</b>	Hilde Helene Bjørnstad, planleggingsleiar i Vestland fylkeskommune. Mob: 97693540, <a href="mailto:hilde.helene.bjornstad@vlfk.no">hilde.helene.bjornstad@vlfk.no</a>

REV.	Dato	Skildring	Utarbeida av	Godkjent av
00	28.04.2026	Innlevert versjon	HHB	IH
01	27.05.2026	Supplert om barn og unges interesser iht. merknad frå kommunen i oppstartsmøte.	HHB	IH


# 1. Planområdet – dagens situasjon

## 1.1. Forslag til plangrense

Framlegg til planavgrensning tek med seg areal rundt eksisterande bruer som gjer det mogleg å vurdere

- ny kryssing over Dalelva anten nord eller sør for dagens bruer
- veggeometri inn mot bru på begge sider
- tilgrensande avkøyrslar
- areal til mellombels rigg- og anleggsområde.
- Eventuelle tiltak i elva

Plangrensa vil truleg bli redusert til dei nødvendige areala når vi veit meir om behovet. Plangrensa skal bli godkjent av Stryn kommune før planarbeidet tek til.



Figur 1-1: Framlegg til plangrense vist med raud tykk linje.

## 1.2. Kort skildring av planområdet

Fv. 5724 Oldedalsvegen leiar inn til Briksdalsbreen, ein av Noregs mest kjende turistattraksjonar. Område har vore reisemål sidan midten av 1800-talet, som innfallspport til Jostedalsbreen. Melkevoll Bretun Camping ligg like ved bruene, og Briksdalsbre Fjellstove ligg ca. 500 meter vidare inn fylkesvegen.

Dagens bruer over Daleelva har ikkje nokre spesielle estetiske eller kulturhistoriske kvalitetar. Grunna alder og tilstand på bruene er det behov for å skifte desse ut med ein ny konstruksjon, noko som er utløysande for planarbeidet.

Det er problem (i dag) med flaum som går over dagens konstruksjon.

[Melkevoll Bretun Camping](#) ligg like ved dagens bruer. Melkevoll Bretun er ei turistbedrift som har stor grad av "natur"-tilpassing av arkitektur og estetisk utforming. Melkevoll Bretun har campingareal på begge sider av Daleelva. Områda er knytt saman med gangbru sør for fylkesvegen. Ura i området er omtalt som det eldste, sikre daterte raset i landet, og raset skal ha skjedd for om lag 5490 år sidan.



Figur 1-2: Melkevoll Bretun Camping. Kjelde: Melkevoll Bretun Camping [Melkevoll Bretun Camping, Bilder, Camping](#).



Figur 3: Dagens bruer over Dalelva. Kjelde: Vianova AS.

### 1.3. Veg og trafikkfaglege forhold

Strekninga forbi bruene har generell fartsgrense 80 km/t, men pga. vegstandarden er fartsnivået lågt. Årsdøgntrafikken (ÅDT) er estimert til 450 kjt/døgn i 2024, der 20% er lange køyretøy.

Men det er stor årsvariasjon, det er mykje turisttrafikk om sommaren, m.a. med bussar. Eksisterande vegbreidde på fv. 5724 i området er ca. 5,5 m. Vegen i planområdet tilfredsstillar ikkje krava i Staten vegvesen sine handbøker.

Utløysande for dette prosjektet er tilstand og alder på bruene over Dalelva med Melkevoll Camping. Brua lengst vest er ei bru på ståldragarar med tredekke. Brua er i dårleg forfatning, og er bytta ut med mellombels bru. Fri vegbreidde over brua med tredekke og betongbrua er ca. 3,0 m. Rett vest for brua med tredekke ligg vegen med horisontalradius 12 m. Då kurva nesten sluttar på brua med tredekke og vegbreidde blir redusert til 3 m, medfører det at køyretøy blir ståande å vente på tur for å komme over brua, med opphoping av trafikk og speiselt turistbussar til følgje. Dersom ein kjem køyrande frå nord mot Dalebrua, stig vegen med ca. 12-13 % før den vert slakare inn mot brua. Over bruene har fv. 5724 ca. 3% stigning mot aust, for så å fortsetje med 6-9% stigning.

Det er busshaldeplass for rutebuss i avkøyrsla til Melkevoll Bretun Camping, og inne ved Briksdalen Fjellstove.

Det er ikkje registrert trafikkulukker på eller ved bruene (vegkart.no).

Fjellstua er ope frå midten av april til midten av november, mens campinga har noko kortare opningstid. Trafikken i området er ofte kaotisk på sommaren. Det kjem kolonnar av turistbussar og bilar i begge retningar og det korkar seg lett ved brua. Bussene må ofte bruke avkøyrsele til Melkevoll Bretun Camping til å løyse opp floken. Det er ikkje eit kjempeproblem, men det er ingen tvil om at dobbel køyrebane over bruene vil vere ein stor fordel.

Det er nyleg bygd ny bru mellom parkeringsplassane ved Briksdalsbre Fjellstove og Melkevoll Camping – om lag 170 m oppstraums dagens bru. Ny bru er dimensjonert for lastebil og har køyrebanebreidde på 3,5 m.

## 1.4. Eksisterande kartleggingar

### Moglegheitsstudie

Det vart utarbeida ei moglegheitsstudie i 2023, som vurderer alternative løysingar. Ei ny bru oppstraums den eksisterande er tilrådd i studien. Vi er kjent med at m.a. nokre grunneigarar ikkje er samd i dette. Studien peikar og på ei rekke moment som ikkje var ein del av arbeidet, men som må vurderast i den vidare prosessen:

- Vasstand ved flaum: Det må vurderast kor stor innverknad på vasstand ved flaum ei fjerning av blokkene nedstrøms vil ha. Vassberekningar er ikkje teke med i moglegheitsstudien.
- Elveløp: Det må jobbast vidare med utforming av elveløpet.
- Veggeometri: Veg-geometri må optimaliserast og tilpassast tilstøytande areal.
- Brutype: Det må vurderast kva slags brutype som er den beste løysinga, både estetisk og økonomisk.


Det er usikkerheit knytt til kartlegging av geotekniske fag i moglegheitsstudien.

Moglegheitsstudien er vedlagt planinitiativet.

### Skredfarevurderingar

*Rapport: Skredfarevurdering for utvalde område i Stryn kommune (Sunnfjord Geocenter 2020.09.19)* konkluderer med at det er fare for steinsprang, steinskred, jordskred, flaumskred, snøskred og sørpeskred i området. Steinsprang er dimensjonerande skredtype for mesteparten av faresonene, og snøskred og flaumskred er dimensjonerande skredtype langs dreneringsvegane.

I område ved bruene (raud ring i figur under) er det gul faresone 1/5000 sannsyn for flaumskred. Like sør for bruene er det oransje faresone med sannsyn 1/1000 for flaumskred.




Figur 1-4: Faresonekart for Brikسدalen – Oldedalen. (Kjelde: Sunnfjord Geo Center, Skredfarevurdering for utvalde område i Stryn kommune, 2020.09.19)

Rapport: Fv. 5724, Skredfagleg vurdering av områder i Lodalen i samband med bruutbetningsprosjekt (Vestland Fylkeskommune, 03.11.2022).

Det er kartlagt skredfaresannsyn for flaumskred og snøskred til mellom 1/1000 og 1/5000 avhengig av plasseringa til bura i Brikسدal, som er innanfor sikkerheitskravet på 1/20 utløyst av ÅDT iht. N200. Skredfaren er i hovudsak knytt til steinsprang frå dalsida og flaumskred frå vassdrag. Sunnfjord Geo sin skredvurdering vurderer ikkje snøskred som aktuell skredfare ved Brikسدal bru. Basert på skredpunkt, skredhistorikk og potensielle skredkjelder i området er skredsannsynet ved tiltaksområdet Brikسدal bru vurdert til å vere innanfor kravet til veggen iht. N200 (1/20 per år) og tilfredsstillende kravet ved anleggsarbeid i området. Ingen tiltak er nødvendig for å kunne utføre arbeid ved Brikسدal bru.

Rapporten ligg vedlagt planinitiativet.



Figur 1-5: utsnitt frå faresonekart i rapport «Fv. 5724, Skredfagleg vurdering av områder i Lodalen i samband med bruutbetningsprosjekt». Vestland Fylkeskommune, 03.11.2022

Det er også utført skredfarevurdering til endring av reguleringsplan for Melkevoll Bretun 25.9.2013.

- Vurdering av skredfare i samband med søknad om reguleringsendring – gbnr. 101/1 Melkevoll Bretun, Oldedalen, Stryn kommune. Atle Nesje, UIB, 23.2.2012
- Tilleggsvurdering Atle Nesje, 18.06


## Grunnundersøkingar

Rapport: VLFK-rapport 060528-GEO-RAP-02 Grunnundersøkingssrapport Oldedalen Briksdal bru, datert 02.09.2022.

Denne rapporten er ein rein grunnundersøkingssrapport utan faglege vurderingar. Undersøkingane viser at det er generelt faste lausmassar og på grunn av høg bormotstand er det brukt rotasjon, slag og spyling i stor utstrekking. Poseprøve ble tatt frå eit punkt og

laboratorieresultata viser sandig grusig materiale med lågt leire og humusinnhold.  
Grunnundersøkingane syner ingen indikasjon på kvikkleire eller andre marine avsetningar.

Rapporten ligg vedlagt planinitiativet.



Figur 1-6: Boreplan i Geoteknisk rapport for fv. 5724 Briksdal bru, Vestland Fylkeskommune 14.06.2022



Figur 1-7: Vatnet går over brua ved flaum. (kjelde: Inge Melkevoll).

## Flom- og vannlinjeberegninger for Dalelva

*Rapport: Fv. 5724 Oldedalen Flom- og vannlinjeberegninger og dimensjonering av erosjonssikring for ny veibro Briksdal I og II (DHI AS, 4.11.2022)*

Formålet med beregningene er å bestemme dimensjonerende vannføringer og nødvendige dimensjoner til ny veibro og erosjonssikring. Resultata viser at ei ny bru bør ha underkant brubjelke på kote 123,4 – 124,0 for å tilfredsstille krava til ein 200 års flaum med klimapåslag, noko avhengig av plassering. Dagens bruer ligg på kote 122,0 – 122,8. Resultata er førebelse, som nemnt er dette nemnt i moglegheitsstudien som eit tema som må vurderast nærare i det vidare planarbeidet.

Rapporten ligg vedlagt planinitiativet.

Det er og i samband med moglegheitsstudien gjennomført samtale med grunneigar Inge Melkevoll. Informasjon frå samtale er samla i eit notat som gir lokalkunnskap om: Vassføring, ekstremsituasjonar, situasjonen i dag, flaumløp, trafikk, brualternativ, utforming. «Terrengets utforming gjør at vannet ofte strømmer over vegen når det er flom. Det er gjerne snakk om 20-30 cm vann. Vegen er imidlertid godt bygget og kan tas i bruk med en gang når vannet trekker seg tilbake, normalt etter kort tid (1-4 timer). Gangbrua har aldri stått under vann, og vil heller ikke tåle dette.»


## 1.5 Andre tiltak

### Forsterkingsbehov dekke og bereevne

I fylket sine egne databaser er det registrert forsterkingsbehov på fylkesvegen på strekninga frå Olden Brevatn AS til Briksdalsbre Fjellstove. Det er ikkje planar om å gjere vedlikehaldsarbeid på strekninga innafør planområdet i 2027.

### Punktutbetring for betre framkome

Fylkeskommunen har starta forprosjekt for å vurdere punktutbetring for betre framkome langs fylkesvegen. I Briksdalen er det meldt inn fem punkt knytt til breiddeutviding i svingar og sikttiltak, sjå pkt. 8.1, 8.2, 8.3, 8.4 og 8.5 i Figur 10. Etter vurdering i forprosjektet er punkta for denne strekninga *ikkje* teke med vidare i prosjektet for punktutbetring. Oldedalen Utviklingslag har teke initiativ til å ta tak i nokon av desse punkta. Det er viktig at det ikkje blir satt i gang utbetringstiltak i område der brua skal byggast. Vi føreset at det vert halde dialog mellom dei to prosjekta, og at Utviklingslaget ikkje startar opp noko før omfang av tiltak i planen er avklart.




Figur 8: Det er meldt inn fem punkt knytt til utbetring av vegen ved planområdet. Tiltak 8.1 – 8.3 ligg innafør framlegg til plangrense.

## 2. Overordna planar og retningslinjer


### 2.1 Kommuneplanens arealdel

Utklipp under viser at område er dekket av kommunedelplan for Oldedalen, sjå avsnitt 2.3.



Figur 9: Utsnitt frå kommuneplanens arealdel for Stryn kommune viser at aktuelt område er dekket av kommunedelplan for Oldedalen.



## 2.2 Kommunedelplan for Oldedalen [GISLINE](#)



Figur 10: Kommunedelplan for Oldedalen.




## 2.3 Reguleringsplanar i planområdet

PlanID	Plannamn
4651_2012001	Melkevoll Bretun, endring
	
4651_1995002	Melkevoll Bretun, utviding
	
4651_1991001	Melkevoll Breleir



Oversiktskart reguleringsplanar:



Figur 11: Oversikt over reguleringsplanar i området. Planområde markert med raud strek. Kjelde: Kommunekart.com.

## 2.4 Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag

Oldenvassdraget er verna vassdrag. Stryn kommunestyre vedtok i 1999 en kommunedelplan med differensiert forvaltning av Strynevassdraget, Loenvassdraget og Oldenvassdraget.

[Vassdragsvern - Stryn kommune](#)

[Vernede vassdrag - regjeringen.no](#)

## 2.5 Regional plan for vassforvaltning

[Regional plan for vassforvaltning](#) skal leggest til grunn for regional, kommunal og statleg planlegging i regionen (pbl. § 8-2). Vassmiljø og vedtekne miljømål skal vurderast og takast omsyn til i planarbeid som kan påverke vatnet.

## 2.6 Regional plan for klima

[Regional plan for klima 2022-2035](#)

5 prioriterte tema

1. Redusere direkte klimagassutslepp
2. Reduserer klimafotavtrykket
3. Trygt og robust Vestland
4. Sikre naturmangfald
5. Klimarettferd og folkehelse

Aktuelle retningslinjer for dette planarbeidet:

- det skal leggest til rette for at fleire skal kunne gå og sykle i staden for å nytte bil.
- ny utbygging skal skje på ein skånsam måte som tek i vare naturressursane, biologisk mangfald og dei nasjonale jordvernmåla. Næringsutvikling bør bli prioritert på allereie utbygde areal, for å sikre berekraftig bruk av naturressursar og dyrka jord.
- Ved rehabilitering og nybygg bør det nyttast byggematerial med lågast mogleg klimafotavtrykk i eit livsløpsperspektiv.
- Klimaendringar skal inngå som vurderingstema, der høge alternativ frå nasjonale klimaframskrivingar vert lagt til grunn.
- planar bør identifisere og handtere ulike former for klimarisiko.
- planlegging skal ta høgde for eit endra klima og redusere fare for skader knytt til auka nedbør, flaum og havnivåstiging. Dette ved å unngå arealinngrep nær bredda av vassdrag, bekkar, sjø og i strandsona, og sikre areal til overvasshandtering.
- naturbaserte løysingar for klimatilpassing prioriterast der dette er mogeleg.
- unngå utbygging på karbonrike areal, som myr, våtmark og skog. Om tilstrekkelege kartleggingar ikkje er gjort skal føre-var-prinsippet leggest til grunn (jf. Naturmangfaldlova §9).

- det bør leggast vekt på gode heilskaplege løysingar og ta i vare økosystem og arealbruk med betydning for klimatilpassing som bidreg til auka kvalitet i uteområda.

## 3. Planinitiativet

### 3.1 Mål og formål

Behovet:

På fv. 5724 Olden-Briksdalen går det to bruer over Daleelva ved Melkevoll Camping.

Grunna alder og tilstand på bruene er det behov for å skifte desse ut med ein ny konstruksjon, noko som er utløysande for prosjektbestillinga.

Prosjektet er omtalt i Regional transportplan for Vestland fylkeskommune og har prosjektløyving i investeringsbudsjettet 2025-2028.

**Samfunns mål:**

- God framkomme over Daleelva og regularitet for næringsliv og for lokaltrafikk, heile året
- Betre samfunnsikkerheit ved at vegen er open heile året
- Betre trafikktryggleik

**Effekt mål:**

- God framkommelege for køyretøy
- To tunge køyretøy skal kunne passera kvarandre på ny bru
  - Sikre tryggare framkomme, særlig for tyngre køyretøy
  - Redusere køhendingar i høgsesong knytt til turisttrafikk
- Lette tilkomst for drift og vedlikehald
  - Ny konstruksjon skal gje mindre drift og vedlikehaldskostnadar. Val knytt til utforming skal og støtte opp under same mål
- Ingen hardt skadde eller drepne
  - God trafikkikker løysning skal førebygge og hindre moglege hendingar som medfører skade på personar
- Planlagde stengingar på brua
  - Færrest mogleg stengingar som fylgje av ytre påverknader knytt til flaum, skred e.l

**Resultat mål:**

- Planarbeidet skal legge til rette for at fylkesvegen ved bygging av tiltaket ikkje må stengjast i lengre periodar(dagar) under anleggsarbeidet, i turistsesongen.
- Vedteken reguleringsplan innan utgangen av 2027.
- Utbyggingskostnadar skal (om mogleg) ligge innanfor budsjettramma.

### 3.1.1 Planlagt tiltak

Ny kryssing av fv. 5724 over Dalelva. Plassering og utforming av ny bru skal vurderast som del av planprosessen.

Det er tilrådd å gjere tiltak i elva for å forbetre flaumsituasjonen. Gjennom planprosessen skal ein gjere endeleg val av løysingar for ny bru som oppnår måla i pkt. 3.1.

Det må sikrast tilstrekkeleg areal til anlegg, rigg, mellombelse deponi, anleggsvegar m.m.

### 3.1.2 Eksisterande situasjon

Fv. 5724 er ein turistveg med mykje trafikk om sommaren. Fv.5724 kryssar over Dalelva ved Melkevoll Camping på to bruer med dårleg tilstand der det må gjerast tiltak.

Sjå pkt. 1.2 – 1.4.

## 3.2 Klimagassvurdering

Det skal gjennomførast klimagassvurdering for å synleggjere utslepp og moglegheiter for å redusere dette i tidleg fase/ved vurdering av ulike alternativ.

## 4. Verknadar av tiltaket

Vi legg til grunn at bygging av ny(e) bru(er) vil oppnå målet med tiltaket. Vi får nye bruer med tilstrekkeleg bereevne og lang levetid. Vi legg og til grunn at ein med to køyrefelt over bruene og ev. litt utbetra kurvatur på veg vil få ein betre trafikksituasjon i sommarhalvåret, stopp og køar for bussar vil bli vesentleg redusert.

Tiltaket er avgrensa i omfang, slik at arealbeslag og inngrep i natur er beskjedent. Det er likevel viktig å gjennom planarbeidet sikre at bygging av tiltaket får minst mogleg negative konsekvensar. Litt kort om nokre vurderingar som må gjerast i punkta under.

### 4.1 Landskap, nær- og fjernverknad

Området på austsida av elva er så godt som urørt, og er prega av mange store blokker som er karakteristisk for området. Området på vestsida av elva er prega av eksisterande veg og campingplass. Område oppstrøms (sør for dagens bruer) ber preg av menneskeleg aktivitet. Ein kan difor vente at ny bru i området ikkje vil stå fram som noko framandelement. For heilskapsinntrykket vil ei god naturrestaurering vere avgjerande for alle alternativa med ny bru.

Ny bru/veg vil påverke nærverknad i det aktuelle landskapsrommet. Her er Melkevoll Bretun Camping næraste nabo og nærverknaden vert viktig å vurdere opp mot dette. Bruene ligg i eit avgrensa landskapsrom, og nye bru/veg vil gi liten fjernverknad. Truleg ikkje naudsynt å

vurdere fjernverknad. Dagens bru er vert oversvømt ved 200-års flaum. I planarbeidet må vi vurdere kva flaumnivå vi skal ta omsyn til. Høgde på ny bru vil kunne få verknadar på landskapsbilete.

## 4.2 Auka trafikk og støy

Det er berekna gul støysone langs vegen (Støyvarselkart frå Statens vegvesen). Ny bru/veg vil ikkje påverke trafikkmengda. Ved å forbetre framkome vil det verte mindre trafikk i kø/på tomgang i området og dermed mindre støy. Ny veg/bru kan bli plassert nærare campingplassen enn i dagens situasjon.

I følgje T-1442 er ikkje campingplass omfatta av grenseverdier for støy (støyfølsamt formål). Følgjande står i Miljødirektoratets veileder for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442) om støy og overnattingssteder: kap. [4.4 Fritidsboliger - miljødirektoratet.no](#):

«4.4.1: Det er gjennom byggeteknisk forskrift og NS8175 krav satt krav til lydnivå innendørs, fra utendørs kilder, for overnattingssteder og kontorer. Det er også krav til lydnivå utenfor vindu fra tekniske installasjoner. Det er imidlertid ikke angitt grenseverdier for denne typen bygninger i T-1442. Det er ikke heller angitt grenseverdier for campingplasser i T-1442.

*Det anbefales likevel å gjøre en helhetlig vurdering av utendørs lydmiljø for overnattingssteder i forbindelse med planlegging av nye overnattingssteder, eller ved planlegging eller utbedring av anlegg og virksomheter i nærheten av eksisterende overnattingssteder. Hvis forholdene ligger til rette for dette, kan skjerming av kilden/langsgående skjerming for å forbedre lyd miljøet vurderes».*

## 4.3 Blågrøne strukturar og naturmangfald

Fv. 5724 ligg ved innfallsport til Jostedalsskogen nasjonalpark. Det er utført Naturtypekartlegging NiN 2024, ingen registreringar ved bruene. Det er registrert raudlistearter og framande artar langs vegen.

Ny bru/veg vil medføre tiltak i elva og kantvegetasjon/tilgrensande natur. Omfanget av tiltaka er ikkje avklart på dette tidspunktet i prosessen.

### Forhold til verna vassdrag

Oldenvassdraget er verna vassdrag. Stryn kommunestyre vedtok i 1999 en kommunedelplan med differensiert forvaltning av Strynevassdraget, Loenvassdraget og Oldenvassdraget. Kjelde: [Vassdragsvern - Stryn kommune](#) [Vernede vassdrag - regjeringen.no](#)

Tiltaksområde ligg i område klasse II.

## Klasse II Område med middels grad av menneskeleg påverknad.

Område med aktivt landbruk og spreidd busetnad. Arealet er i varierende grad påverka av inngrep. Verneverdiane er knytt til det overordna landskapsrommet, mange vakre kulturlandskap, område med aktivt friluftsliv, spesielle naturverdiar som overvintringsområde for vassfugl og mange typer kulturminne, frå steinalderen fram til byrjinga av 1900-talet.

Det skal særleg leggast vekt på å ta vare på friluftsområda og verneverdige og viktige naturforekomster, kulturlandskap, kulturminne og fiskeressurser. Ein skal unngå plassering av hus og hytter nær inntil vassdraget/mellom vassdraget og hovudveg.

Figur 12: utklipp frå KDP for differensiert forvaltning av Strynevassdraget, Loenvassdraget og Oldenvassdraget 1999 (Kjelde: Stryn kommune)

I kommuneldeplan for differensiert forvaltning av Strynevassdraget, Loenvassdraget og Oldenvassdraget er det satt opp ein tabell som viser korleis forvaltningskategoriane fungerer opp mot ulike tiltak og inngrep i vassystemet. Under har vi plukka ut det som kan vere aktuelt for dette prosjektet, og kva forvaltningskategori det fell inn under, når vi legg til grunn at området ligg innafor klasse II-område.

Dei fire kategoriane er som følgjer:

- 1 = Tiltak eller inngrep som normalt kan gjennomførast.
- 2 = Tiltak eller inngrep som normalt ikkje er i konflikt med vernegrunnlaget, men der søknaden må vurderast opp mot verneverdiane.
- 3 = Tiltak eller inngrep som normalt vil vera i konflikt med vernegrunnlaget, og der omfang, detaljering og utforming av inngrepet avgjer om tiltaket kan utførast.
- 4 = Tiltak eller inngrep som er i konflikt med vernegrunnlaget og normalt ikkje kan utførast.

Figur 13: Forvaltningskategoriane. Utklipp frå KDP for forvaltning av verna vassdrag i Stryn.

Aktuelle tiltak i/nær vassystemet:

Tiltaks- og inngrepstypar	Forvaltningskategori (1 – 4)	Krav om godkjenning	Avgjerds-mynde
Kanalisering (utretting av elveløp) og senking av vassnivå	3	VL	NVE
Flaum og erosjonssikring	2	PBL VL	NVE via kommunen
Veganlegg og bru	3	PBL VL	NVE via kommunen

Slik vi les kommunedelplanen så må planlagde tiltak vurderast opp mot vernegrunnlaget, vassressurslova og plan- og bygningslova, og i tillegg avklarast med NVE via kommunen.

Tiltaka som kan vere aktuelle i dette prosjektet fell inn under forvaltningskategori 2 og 3; tiltaka må vurderast opp mot verneverdiane, og veganlegg, bru, eventuell kanalisering og senking av vassnivå må vurderast spesielt med omsyn til omfang og utforming. Det står at tiltak som veganlegg og bru normalt vil vera i konflikt med vernegrunnlaget. I dette tilfellet er det snakk om utbetring av eksisterande veg og bru, så vi får tru det kan vurderast som mindre konfliktfylt. Prosjektet vurderer å gjere tiltak i elveløpet som skal bidra til å senke


flaumnivået. Dette er «nye» tiltak som normalt er vurdert å vera i konflikt med vernegrunlaget.

## 4.4 Friluftsliv

Vegen/bruene rører ikkje ved registrerte friluftsområde. Men vegen er viktig tilkomst til «svært viktige friluftsområde» (Briksdalen og turstiane Briksdalen – Kattanakken og Melkevoll - Oldeskaret). Ny veg/bru får ingen påverknad på desse friluftsområda.



Figur 4-14: Registrerte turruter i området. Kjelde: Naturbase kart frå Miljødirektoratet.



Figur 4-15: Kartlagde og verdsatte friluftsområder. Kjelde: Naturbase kart.

## 4.5 Kulturverdiar

Ingen registrerte kulturverdiar i framlegg til planområde. Vestland Fylkeskommune ved kulturavdelinga har meldt tilbake at det ikkje er trong for arkeologisk undersøking.

## 4.6 Naturresursar/geologi/geoteknikk

Dalføret er ein tradisjonell «U-dal» med bratte fjellsider som gradvis slakar ut mot dalbotnen og fjorden. Fjordarmen brer seg nord-sør og fjellplatåa mellom dalen ligg på ca. 1500-1800 moh. Området består av bart berg med sporadiske tynne morenemassar eller skredmateriale. Ved Briksdalen er det kartlagt elve- og breelvavsetning, samt områder med skredmaterial over morene. Skogen består av lauvskog med noko granskog innimellom. Bergarten er ifølge NGU sitt berggrunnskart (1:125 000) granittisk gneis med instruksjon av Monzonitt i høgda og inn i dalen mot Briksdalen.

## 4.7 Barn og unges interesser

Viktigaste omsyn for barn og unge i planarbeidet vil vere trafikktryggleik.

## 4.8 Forhold for gåande, syklende og kollektivreisande

Forhold for nemnde trafikantgrupper vil bli forbetra som følgje av ny veg/bru. Men det vil ikkje vere spesiell tilrettelegging for desse, som til dømes fortau, gs-veg og liknande.

## 4.9 Trafikktryggleik

Ny veg/bru skal planleggast i tråd med vegnormalar, og eventuelle fråvik skal vere godkjent. I tillegg skal det gjennomførast TS-revisjon.

## 4.10 Samfunnstryggleik og risiko

Aktuelle naturfarar (aktsemd); skred og flaum.

Basert på skredpunkt, skredhistorikk og potensielle skredkjelder i området er skredsannsynet ved tiltaksområdet Briksdal bru vurdert til å vere innanfor kravet til vegen iht. N200 (1/20 per år) og tilfredsstillende kravet ved anleggsarbeid i området. Ingen tiltak er nødvendig for å kunne utføre arbeid ved Briksdal bru.

Dagens bruer vert oversvømt ved 200-års flaum. I planarbeidet må vi vurdere kva flaumnivå vi skal ta omsyn til.

Utførte grunnboringar ved dagens bruer viser ikkje marin leire. Marin grense ligg lenger nede i dalen.

I samsvar med plan- og bygningslova skal det utførast ROS-analyse som del av planarbeidet.

Sjå og pkt. 1.4.

## 4.11 Anleggsgjennomføring

Det vil vere viktig å ha dialog med turistverksemdene om opningstider med tanke på anleggsgjennomføring. Eit viktig tema vil vere å avdekke om det er mogleg å bygge tiltaket medan dei er stengt, slik at ny bru eventuelt kan byggjast der dei eksisterande ligg. Ein må da både vurdere kor lang tid bygginga vil pågå, og kva brutypar som kan vere aktuelle, inkl. kva utstyr ein må ta inn for å eventuelt byggje «raskt».

## 5. Konsekvensutgreiing

### Førebels vurdering av KU-krav

Førebels vurdering i høve forskrift om konsekvensutgreiingar 2017	Ja	Nei	Vurderast nærare
Fell tiltaket inn under § 6 <i>Planer og tiltak som alltid skal konsekvensutredes og ha planprogram eller melding?</i>		x	
a) kommuneplanens arealdel, kommunedelplaner		x	
b) reguleringsplaner etter plan- og bygningsloven for tiltak i vedlegg I. Unntatt fra dette er reguleringsplaner der det konkrete tiltaket er konsekvensutredet i en tidligere plan og der reguleringsplanen er i samsvar med denne tidligere planen.		x	
<u>Kriterium for vedlegg I:</u>			
7 b) Motorveier og andre avkjørselsfrie veier som er forbeholdt motorisert trafikk.		x	
7 c) Anlegg av ny vei med minst fire kjørefelt eller utbedring av en eksisterende vei som har to kjørefelt slik at den får minst fire kjørefelt, dersom en slik vei har en lengde på minst 10 km		x	
7 e) Andre vei- og jernbanetiltak med investeringskostnader på mer enn 750 millioner kr. (mindre veier omfattes av vedlegg II nr. 10 e).		x	
Fell tiltaket inn under § 8 <i>Planer og tiltak som skal konsekvensutredes hvis de kan få vesentlige virkninger for miljø eller samfunn?</i> (ikkje krav om planprogram)			
a) reguleringsplaner for tiltak i vedlegg II. Unntatt fra dette er reguleringsplaner der det konkrete tiltaket er konsekvensutredet i en tidligere plan og der reguleringsplanen er i samsvar med denne tidligere planen.			x

<ul style="list-style-type: none"> <li>• Pkt. 10 e) i Bygging av veier</li> <li>• Pkt. 11 k) Deponier for masse på land og i sjø større enn 50 dekar eller 50 000 m<sup>3</sup> masse</li> </ul> <p>I tillegg til alle moglege vegtiltak (pkt. 10 e) kan det og vere aktuelt å vurdere om KU er aktuelt for større deponier av overskotsmassar frå våre veganlegg (pkt. 11 k)</p> <p>Kriterium for vurdering er gitt i §10), sjå under.</p>			
§10 Kriterier for vurdering av om en plan eller et tiltak kan få vesentlige virkninger for miljø eller samfunn			
(Sjå ordlyden i heile paragrafen, og vurder ev. og egenskaper (andre ledd) og vurderingar omtalt under fjerde ledd. Vanlegvis er kriterium gitt for lokalisering og påverknad i tredje ledd mest relevante, og blir lista opp her.)			
<u>Kriterium for lokalisering og påverknad, § 10, tredje ledd:</u>			
<i>Lokalisering og påvirkning på omgivelsene omfatter en vurdering av om planen eller tiltaket kan medføre eller komme i konflikt med:</i>			
<p>a) verneområder etter naturmangfoldloven kapittel V eller markaloven § 11, utvalgte naturtyper (naturmangfoldloven kapittel VI, prioriterte arter, <b>vernede vassdrag</b>, nasjonale laksefjorder og laksevassdrag, objekter, områder og kulturmiljø fredet etter kulturminneloven.</p> <p><b>Kommentar:</b> Det må vurderast nærare om tiltaka kan vurderast til å påverke verneformålet for Oldenvassdraget negativt.</p>			X vurderast nærare
b) truede arter eller naturtyper, verdifulle landskap, verdifulle kulturminner og kulturmiljøer, nasjonalt eller regionalt viktige mineralressurser, områder med stor betydning for samisk utmarksnæring eller reindrift og områder som er særlig viktige for friluftsliv		x	
c) statlige planretningslinjer, statlige planbestemmelser eller regionale planbestemmelser gitt i medhold av plan og bygningsloven av 27. juni 2008 nr. 71 eller rikspolitiske bestemmelser eller rikspolitiske retningslinjer gitt i medhold av plan og bygningsloven av 14. juni 1985 nr. 77		x	
d) større omdisponering av områder avsatt til landbruks- natur- og friluftsførmål, samt reindrift eller områder som er regulert til landbruk og som er av stor betydning for landbruksvirksomhet		x	
e) økt belastning i områder der fastsatte miljøkvalitetsstandarder er overskredet		x	
f) konsekvenser for befolkningens helse, for eksempel som følge av vann- eller luftforurensning		x	

g) vesentlig forurensning eller klimagassutslipp		x	
g) risiko for alvorlige ulykker som en følge av naturfare som ras, skred eller flaum		x	
(Ved avkryssing av JA, nemn det som konkret er utgangspunktet for vurdering i tekst)			
Utløyer planen krav om KU? <b>Kommentar:</b> Planer eller tiltak som vil påvirker negativt de verdier som ligger til grunn for vassdragsvernet vil normalt utløse krav om konsekvensutredning. Må vurderast i samråd med kommunen.  Vår førebels vurdering: Tiltaka som kan vere aktuelle i dette prosjektet fell inn under forvaltningskategori 2 og 3 i forvaltningsplanen; tiltaka må vurderast opp mot verneverdiane, og veganlegg, bru, eventuell kanalisering og senking av vassnivå må vurderast spesielt med omsyn til omfang og utforming. Det står at tiltak som veganlegg og bru normalt vil vera i konflikt med vernegrnlaget. I dette tilfellet er det snakk om utbetring av eksisterande veg og bru i tilnærma lik trasé, så det kan truleg vurderast som mindre konfliktfylt. Prosjektet vurderer å gjere tiltak i elveløpet som skal bidra til å senke flaumnivået under bru. Dette er «nye» tiltak som også, i følgje verneforskrifta, normalt er vurdert å vera i konflikt med vernegrnlaget. Truleg utløyer dette krav om konsekvensutgreiing av tema vassmiljø, og vi har kryssa av for «ja».	x		
Er det krav om planprogram?		x	
(Vurderingane er gjort ut frå kjente opplysningar i oppstartsmøtet. Ved vesentlege endringar av planen må ein vurdere krav om KU på nytt).			

## 6. Medverkning

Framlegg til offentlege organ og andre interesserte som skal varslast om oppstart planarbeid:

- NVE
- Statsforvaltaren i Vestland
- Vestland fylkeskommune
- Stryn kommune
- Statens vegvesen
- Naboar, grunneigarar og festarar
- Skyss
- Briksdalsbre fjellstove
- Oldedalen Skyss AS
- Melkevoll Bretun Camping
- Energi og nettselskap
- Høyre med kommunen om dei veit om spesielle brukargrupper eller verksemdar, velforeiningar etc.


Vi har i utgangspunktet ikkje tenkt å legge opp til ope informasjonsmøte i samband med planarbeidet, men det vil bli teke direkte kontakt med råka grunneigarar og andre aktørar ved behov. Reiselivsaktørane vil vere viktig å ha dialog med ang. anleggsperiode.

## 7. Framdrift

<b>Aktivitet</b>	<b>Tid</b>
<b>Oppstartsmøte</b>	Mai 2026
<b>Varsel om oppstart av planarbeid</b>	Juni 2026
<b>Høyring og offentlig ettersyn av planforslag (første gangs behandling)</b>	Våren 2027
<b>Oversending til kommunal behandling (andre gangs behandling)</b>	Haust 2027
<b>Vedtak</b>	Haust 2027

## 8. Vedlegg

- Forslag til planavgrensing på basiskart (PDF-format) og SOSI-format
- Moglegheitsstudie fv. 5724 Briksdalen (Aas-Jakobsen og ViaNova 01.01.2023)
- Geoteknisk grunnundersøkingssrapport, Vestland fylkeskommune.
- Flom- og vannlinjeberegningar og dimensjonering av erosjonssikring for ny veibro Briksdal I og II(DHI, 4.11.2022)
- Oppslag i Naturbase (ViaNova august, 2022)
- Teikningar til moglegheitsstudie (Aas-Jakobsen og ViaNova, 4.11.2022)
- Vannføring og flom i området ved Melkevoll camping (ViaNova 2022)



[vestlandfylke.no](http://vestlandfylke.no)